

REFERAT

Styremøte i Silda Velforening (SiVe) 19/5-2012

Hos Paul Sundnes

Tid: Kl.1600

Tilstade: Kjell Rune Gangsø, Jan Silden, Paul Sundnes

Forfall: Liv Wiik Silden som var på reise

Varemedl: Sindre Langlo og Jorun Sætren vart ikkje kalla inn

SAKER:

1. Konstituering

Dette er første styremøtet etter årsmøtet :

Leiar: Kjell Rune Gangsø

Nestleder: Jan Silden

Kasserer: Liv W. Silden

Sekretær: Paul Sundnes

Varamedlemar: er Sindre Langlo og Jorun Sætren

2. Helikopterlandingsplass

Generalforsamlinga fekk slik informasjon frå Ole Sætren:

1. Planane for helikopterlandingsplass, på kaia, er godkjendt av Kystverket og Vågsøy kommune.

2. Dersom landingsplassen skal realiserast må Silda Veforeining ta kostnad med lyssetjing.

3. Teikningar for dette er godkjende.

4. Pris for lys er kr. 15000,- etter tilbud frå Einar Rune Sætren.

5. Nokre lyspunkt/stolpar må setjast opp. Dette og anna arbeid som skal utførast må gjerast på dugnad.

6. Årsmøtet gjekk inn for å få dette til, og bevilga 25000,- til tiltaket.

Ole og Einar Rune Sætren er dei som har arbeidd med denne saka. Kjell Rune tek over som koordinator.

Nedtaking av ein lyktestolpe, på kaia, skulle ha vore gjort men står framleis. Dette vil bli gjort når Ole kjem til Silda med gravmaskin. Kjell Rune avtalar med Ole.

Det vert organisert dugnad med oppsetjing av nye lys på kaia, seinast i starten av juli.

Kjell Rune avtalar med Einar Rune, slik at at nødvending armatur og utstyr er på plass før ferien.

3. Kulturstien

Kulturstien er delvis gjengrodd, og fleire område er så blaute og opptrakka at det er vanskeleg å passerer utan høge støvlar.

Generalforsmalinga avsette 10.000 kr til dette tiltaket.

Arbeidet må gjerast på dugnad. Det vert avsett fredag/laurdag i veke 27 el. 28 – avhengig av veret. Innkalling må skje ved opprop på øya, når det nærmar seg helg. Informasjon (innkalling gjennom heimesida og ved oppslag på kaia).

Arbeidet vert delt opp i roder med 3-5 personar pr rode. Jan og Kjell Rune lagar kart over kva område som bør prioriterast. Nødvendig utstyr er motorsag, greinsaks og ryddesag. Jan set opp materialliste og skaffar materiale.

Det vert kjøpt inn 1,5``x 6`` til dei våtaste områda. Desse vert kledd med finmaska notbuss for å hindre at overflata vert for glatt. Paul skaffar notbuss.

4. Grillfesten

Dagen er fastsett til laurdag 21. juli.

Oppslag på kaia så fort råd er : Paul ordnar plakat/Kjell Rune printar ut og set opp.

Det vert sett opp telt på skuleplassen. SiVe ordnar med grillar. Kvar enkelt tek med grillmat. Skjerbuda får høve til å selge brus og is på skuleplassen. Paul undersøker om

dette er av interesse.

Leikar for ungane bør ein prøve å få til. Sindre L. vert beden om å tenkje på dette.

Det vert organisert hesteskokasting med premierung, for vaksen og for ungar.

SiVe ordnar med premiar.

Vi bed Stig Oksholen å sjå om han kan få organisert ein «Redningselskapet sin dag på Silda» med enkelt førstehjelpskurs inkl. hjerte/lunge- kompresjon.

5. Rebusløp

Denne tradisjonen er det visst mange som ønskjer å halde liv i. Paul lagar spørsmåla.

6. Blomsterplanting på Silda

Generalforsmalinga avsette pengar til beplanting. Liv S. har ein plan for dette (trur vi) og oppmodar henne til å skaffe planter og organisere utplassering.

7. Lagerplass for utstyr til SildaVelforeininga

Styret har ikkje historisk grunnlag for å vite kva som er avtalt/bestemt, men trur at inste rommet av kontaineren har vore brukt av Silda velforeining. No etter restaureringa, av venterommet har vi sett at inste rommet er svært uryddig.

Jan avtalar med Kåre Silden om SiVe kan bruke dette rommet til lager. Når det er klarlagt kan rommet ryddast.

8. Fredagsrute i korrespondanse med Bergensbåten

Generalforsamlinga oppmoda styret til å arbeide vidare mot ei løysing for å kome seg til Silda på fredagar og dagar før langhelger i sommarhalvåret.

Paul har vore i kontakt med Tide (no endra til Norled) om dette. Dei ville ikkje drøfte eit evnt. annløp før dei hadde skaffa seg erfaringar.

Denne kontakten får vi utvikle til hausten, for evnt. gjennomføring sommaren 2013.

Styremedlemer Leiar: Kjell Rune Gangsø, Jan Silden og Paul Sundnes